



ÅRSMELDING 2018
HAREID SOKN



DEN NORSKE KYRKJA
Hareid Sokn

INNHALDSLISTE

Saksliste årsmøtet	side 02
Soknepresten	side 03
Sokneråd og fellesråd	side 04
Statistikk	side 08
Gudstenesteutvalet	side 09
Diakoniutvalet	side 10
Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet	side 12
Misjonsutvalet	side 14
Kyrkjemusikalsk utval	side 15
Undervisningsutvalet	side 16
Frivilligsentralen	side 18

Rekneskap og budsjett vert lagt fram i årsmøtet.

SAKSLISTE ÅRSMØTE

1. Konstituering av årsmøtet
2. Årsmelding 2018 for Hareid sokn
3. Førebels rekneskap 2018
4. Budsjett 2019
5. Orientering om renoveringsarbeid i kyrkja og konsekvensar
6. Orienteringar frå kyrkjeverja

Årsmelding for Hareid sokn 2018 er utarbeidd av sokneråd, underutval og staben i Hareid sokn, og godkjent i soknerådsmøtet 19. februar 2019 i sak SR 06/19

Hareid, 19. februar 2018
for Hareid sokneråd

Bente Andreassen Pilskog
kyrkjeverje

BILDE PÅ FORSIDA:

Hareid barnekantori er eit kor for gutar og jenter frå 3. klasse og oppover. På øvingane lærer dei å bruke songstemma, både som korist og som solist gjennom både synging og leiking. Koret syng mykje forskjellig, både barnespelsongar, salmar, m.m.

Koret har teke del på 16 arrangement gjennom året og har hatt to overnattingsturar med fokus på både øving og sosialt samvær.

Bildet viser koret saman med dirigentane Sissel A. Riise og kantor Ida Teige. Foto: Hareid sokn

KJÆRE KYRKJELYD

Hareid kommune er ei oversikteleg kommune på om lag 5200 innbyggjarar. Vi har ei kyrkje som er rotfesta i folket, og som dei er glade i. Våre forfedre har vore med å lagt grunnlaget til dette. I dette høve vil eg spesielt nemne gamleklokkaren, Lars Hareide. Han var mellom anna med å stifta indremisjonen, ungdomsforeininga og søndagsskulen i Hareid. Han var bevisst på at desse organisasjonane måtte vere nært knytt opp til kyrkja, og blei grunnlaget for ei samling av folket og dei kristelege organisasjonane. Hans grundtvigianske kristendomssyn har vore med å prege både det kyrkjelege og kulturelle livet i Hareid heilt fram til i dag. Kyrkja og bedehuset har gått hand i hand, og har gjort sitt til at vi ikkje har hatt særleg behov for frimenigheiter i Hareid. Denne arven er det viktig å ta vare på.

Aktiv kyrkjelyd

Hareid sokn har eit mangfaldig arbeid i kyrkjelyden vår, og eit godt samarbeid med frivillige og kulturelle lag, kor og organisasjonar. Av kyrkjelydsarbeidet må nemnast det breie trusopplæringsarbeidet som femner alle årstrinn frå 0 til 18 år, eit omfattande og førebyggjande arbeid i trygge og rusfrie miljø.

Arbeidet som sokneprest er mangfaldig, til dømes andakter på Hadartun, ulike samtaler, dåpssamlingar/samtalar, soknebod/nattverd i heimen, deltaking i krise- og omsorgsgruppa i Hareid, deltaking i råd og utval, deltaking i trusopplæring, forkynning/andakter i ulike samanhengar, o.a. Soknepresten deltek også i beredskapsordninga for Søre Sunnmøre prosti.

Ei folkekyrkje

Som det går fram av statistikken, har det vore 59 gudstenester i 2018, i 2017 65. 11 av gudstenestene er knytt til trusopplæringa. 4 gudstenester har vore på Hadartun, friluftsgudstenester på Melshornet, Alskleiva og Kvitneset, bedehuset i Hjørungavåg og Bigset, og Ishavsmuseet Aarvak. Gjennomsnittleg har der delteke 157 personar pr. gudsteneste, i 2017 var det 152. Det har vore 76 andakter ved Hadartun. I 2018 var det 9 vigslar. I 2016 vart det døypt 48 born, 57 born i 2017, og 37 i 2018. Dåpstala syner at færre barn vart fødde i Hareid dette året. Blant medlemmer i kyrkja, var dåpsprosenten blant nyfødde 100%. Tala for konfirmerte er 49 for 2016 og 34 for 2017 og 56 for 2018, stor variasjon i årskulla. Av gravferder var det 48 i 2016, 47 i 2017 og 41 i 2018. Vi fekk 1 innmelding i 2018 og 9 utmeldingar. Ut frå den kyrkjepolitiske situasjonen hadde ein kunne forventte større utmeldingar, men eg meiner at det låge talet gjenspeilar tilknytning ein har til lokal kyrkje.

22.000 over kyrkjedørstokken

Tala viser ein stabilitet i kyrkjelyden, likevel merkar ein at tradisjonen med å «gå til gudsteneste» søndags føremiddag dei siste åra har hatt ein nedgang over tid. Men ikkje i 2017, då var det ein oppgang og tilsaman 9891 deltok i 65 gudstenester, altså 1550 fleire enn ved året før.

I 2018 var totalt deltakande på 9314, men då med 59 gudstenester. Men vi ser at desse tala varierer i høve til tal på gudstenester. Søndagane har vi fått til samling rundt Ordet. Jesus sjølv gjekk regelmesse til synagogen på sabbaten. Så kom dei til Kapernaum, og då det vart sabbat, gjekk han inn i synagogen og underviste, som han hadde for vane, står det i Mark 1,21. Men kanskje vi ikkje skal fokusere så sterkt på deltaking på søndagar. Der er 6 andre dagar i veka som fyller kyrkja med aktivitetar. Det er og samling om Ordet, og som kyrkjefader Augustin sa det: Forkynn evangeliet – om så med ord.

Tale på 22 000 tilseier at kyrkja vert brukt mykje gjennom heile året. Mange av aktivitetane skjer i kyrkja, som er i bruk nesten kvar einaste dag gjennom heile året. Der er om lag 22 000 som går over kyrkjedørstokken årleg, noko som i gjennomsnitt utgjer om lag 1800 kvar månad, av desse er 776 på søndagar. Talet er ikkje enkeltpersonar, men kvar gong ein person har besøkt kyrkja. Dette fortel at arbeidet i kyrkja femner vidt.


Vi er no komne til 2019. Kyrkja må følgje med i tida, om enn på eigne premisser. Vi er ei kyrkje for folket, vi er ein del av lokalsamfunnet i Hareid kommune og ein viktig aktør i å gjere kommunen vår til ein god stad å bu og vekse opp i. Derfor er samarbeidet med andre aktørar og kommunen viktig, slik at vi kan løfte i lag og gjere kvarandre gode.

Men la det vere klart: Fellesskapet kring gudstenestene og behovet for å kome saman inn for Guds velsigning, styrkjer både den einskilde og kyrkjelyden. «Guds ord er vår fedrearv», syng vi. Skal denne arven gå vidare til nye generasjonar, må desse sjå at arven er verdifull.

Hareid 31.12.2018

Leidulv Ø. Grimstad

-sokneprest-



SOKNEPREST Foto: Hareid sokn/Jan Erik Houland

HAREID SOKNERÅD OG HAREID KYRKJELEGE FELLESRÅD

Sokneråd/fellesråd

Leiar: Gunmar Grimstad

Nestleiar: Kjersti Røyset Topphol

Medlemmer: Turid Engen, Bjørg Vartdal Hareide, Lars Sellereite, Wenche Iren Roppen, Hege Tretnes, Lidvar Arne Grimstad (vara for Elisabeth Myrene)

Varamedlemar: André Gjerde, Dagfinn Snippsøyr, Hallvard Sæverud, Greta Sandanger Goksøyr, Jahn Kjell Fjørtoft, Elsa Hasund

Geistleg repr. Soknepresten i Hareid
Geistleg vararepr. Soknepresten i Ulstein

I fellesrådet i tillegg:

Kommunal repr. Kristian Fuglseth

Kommunal vara: Marit Johanne Øien Sæverud

I tillegg har soknet hatt følgjande underutval:

Arbeidsutval, administrasjonsutval, diakoniutval, forhandlingsutval, gudstenesteutval, kyrkje- og kyrkjegardsutval, kyrkjemusikalsk utval, misjonsutval og undervisningsutval. Dei fleste av desse leverer eiga årsmelding.

Hareid sokneråd/Hareid kyrkjelege fellesråd har i 2018 vore samla totalt 8 gongar; soknerådet har handsama 26 saker, fellesrådet har handsama 30 saker.

Rådsmøta vert vanlegvis haldne på kyrkjekontoret. Dei er opne for tilhøyrarar, møteplanen og referat kan ein få ved å kontakte kyrkjekontoret.

Kyrkjelydsmøte/årsmøte 18. mars

Årsmøtet vart halden i Hareid bedehus søndag 18. mars etter gudstenesta i Hareid kyrkje. Det møtte 57 personar. I forkant var det sal av brennsnut og servering av kaker og kaffi. Innleiing og orientering om kyrkjelydshus var gjort av soknerådsleiar. Vidare utdjuing i høve behov og korleis huset kan nyttast vart presentert av kyrkjevevja. Det var positive tilbakemeldingar frå dei som tok del på årsmøtet. Arbeidet til soknet vart presentert og film om soknet vart vist (laga av Nanseth media). Grimstadkoret tok del med song og Lidvar Grimstad spelte piano ved allsong.

Ungdomsarbeidar

Då førre ungdomsarbeidar avslutta sitt engasjement på sommaren 2018, måtte Hareid KFUK-KFUM sjå etter ny ungdomsarbeidar som vaksenleiar spesielt for Hareid Ten Sing. Guro Topphol overtok difor denne rolla i august 2018. Tweensklubben og Kulturverkstad for ungdom blei difor lagt på is inntil vidare.

Kyrkjelydshus

Fellesrådet vedtok i juni 2018 (FR 15/18) å ta over Hareid bedehus og nytte det til kyrkjelydshus under føresetnad av at kommunen godkjenner og gjennomfører naudsynte reguleringsendringar for å få bygd ei kontorfløy til kyrkjelydshuset. Fellesrådet føreset at kontorfløya er bruksklar innan utgangen av 2023 og at den nye kontorfløya vert nytta til kyrkjekontor. Planen er signering av avtale med bedehuseigarane i løpet av 2019.

Opplev Hareid 2018

Kulturbygda Hareid ønskjer å få fram og by på ulike opplevingar under festivaldagane Opplev Hareid. Hareid kyrkje er ein naturleg medvandrar og bidro med ulike programpostar: Midlalderkveld i kyrkja v/arkeolog Arve E. Nytnun, damekoret Sirene m.fl. tok del. Stand i parken på laurdag med vafler, kaffi og sal av soknepresten si Brips-sylte, tombola, sauer og lam med mariusgensarar - inntekta gikk til kyrkjelydshus. Avslutta med misjonsgudsteneste og grillmat på Holesanden.

Kyrkjebenkar på Alskleiva

Etter gudstenesta på Alskleiva i 2017 kom nokre i snakk om at det hadde vore kjekt med fleire benkar å site på. Det er heilt greitt å site i lyngen, men på dagar med regn og væte er ikkje det så kjekt. Det brukar som regel å vere mykje folk samla til denne gudstenesta, både 7 og 12 åringane i trusopplæringa har oppgåver i og kring denne gudstenesta. Karane i Lions tok utfordringa og har laga mange nye siteplassar på gudstenesteplassen. Dei har også laga nytt kors og talarstol. Det er mykje godt som kan skje når fleire gode krefter går saman!



Lionskarane på Alskleiva saman med juniorkonfirmantane inspiserer Alskleiva torsdagen før gudstenesta.

To kulturminneskilt ved kyrkja

Hareid kyrkje har fått to kulturminneskilt (v/inngang til kyrkje og v/parkeringsplassen) som formidlar Hareid middelalderkyrkjegard og dei arkeologiske spora etter bronsealdergarden som er funne nord for kyrkja. Dette er eit samarbeidsprosjekt der både riksantikvar, Hareid historielag, Hareid kommune, Møre og Romsdal fylkeskommune og Hareid sokn har tatt del i. Ei viktig og sterk historie som vi må ta vare på og som er verdt å synleggjere.

Skilta blei offisielt avduka 12. desember v/ordførar Anders Rise, rett etter den årlege julekonserteren til musikk- og kulturskulen. Liknande skilt skal og etterkvart kome på Kvitneset og Overåsanden. Verdt å merke seg, er at det er ei QR-kode på skilta, som etter kvart vil innehalde meir informasjon om funna.



Bildetekst:

Stavkyrkja på Hareid

Den fyrste kyrkja vi kjenner på Hareid var ei stav-kyrkje. Den har truleg stått i området like nordaust for prestestova. Stavkyrkja vart bygd på 1200- eller 1300-talet og er fyrst nemnt i skriftlege kjelder i 1432. Seinare vart den utvida med kor, takryttar og tverrskip mot sjøen. På sitt største hadde stavkyrkja i Hareid ei grunnflate på 240 kvadrat. Kyrkja brann ned etter eit lynnedslag i 1806.

Illustrasjon viser stavkyrkja og forhistorisk bautastein. Bautasteinen stend framleis på kyrkjegarden. Teikning av kyrkja og landskap: Arnfinn Mork-Stordal.

Overføring av gudstenestene frå kyrkja til Hadartun

Videooverføringa frå Hareid kyrkje til sjukeheimen på Hadartun var ute av drift ei stund i 2018. Årsaka til dette er eit ustabil teknisk system. Kostnadane med å ordne ei varig og framtidig løysing er høg. Ein ynskjer å levere eit godt og stabilt tilbod til bebuarane på sjukeheimen og difor ønskjer ein å jobbe fram varige løysingar for overføringar frå kyrkja og TV-signal til bebuarane på sjukeheimen. Svært mange har venta på at løysinga skal kome på plass. Inntil midlar er på plass blir det den gamle og ustabile løysinga som ikkje er haldbar i lengda.

Oppstart av sorggruppe

Å kjenne på sorg når nokon ein er glad i døy, er ein heilt naturleg reaksjon. Korleis og kor lenge ein sørgjer er ulikt frå person til person. Alle som mistar nokon må skape eit nytt fotfeste i livet utan den som har døydd, og å sørgje samstundes som ein må koma seg vidare i livet, kan vere hardt og krevjande arbeid. Etterlatne framhever særskilt at den gjenkjenninga og identifiseringa ein føler med å møte andre som er i same situasjon er det viktige med sorggruppedeltaking. Her kan ein gje uttrykk for si sorg saman med nokon som "verkeleg forstår", og dei vonde opplevingane vert anerkjent og får plass. Grappa vert leia av Ranveig Kaldhol, diakon i Ulstein, og Leidulv Ø. Grimstad, sokneprest i Hareid.

Tilsette og frivillige

Ein levande kyrkjelyd

Frivillige medarbeidarar er den viktigaste ressursen, og i Hareid kyrkjelyd er vi velsigna med mange frivillige som engasjerer seg på mange ulike områder. Dei personane som i 2018 har deletteke i frivillig arbeid er ei inspirasjonskjelde for soknet, og dei bidreg med engasjement som er med på å gjere kyrkjelyden til eit levande fellesskap. Vi er svært takksame for alle som i stort og smått er med i ulike samanhengar, noko som er med å legge grunnlag for kyrkja i notid og framtid.

Tilsette i Hareid kyrkjelege fellelsråd:

Kyrkjeverje	Bente Andreassen Pilskog 100%
Sekretær	Eli-Sølvi Jønsson, 50 %
Kantor	Ida Teige, 100 %
Kyrkjelydspedagog	Barbro Landmark, 100 %
Medarbeidar i trusopplæringa	Eli-Sølvi Jønsson, 50 % Anvor Sukka (deltidsstilling)
Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar	Bjarte Sunde 100% Odd Lykstad (tilkallingsassistanse)
Hareid Frivilligsentral	Heidi Pedersen Kvalsvik, 100 %
Ungdomsarbeidar (lønna via Hareid KFUK-KFUM)	Elin Gaustad 50% fram til sommar
Ungdomsarbeidar (lønna via Hareid KFUK-KFUM)	Guro Toppol 20 % f.o.m. 21. august

Klokkarar: Bjørg Vartdal Hareide, Inga Gjelsvik Barstad, Kjersti Røyset Toppol
Vikarar / ekstrahjelpar : Torger Havåg, William Sander Kvalsund, Sveinung Seljebotn, Jan Erling Davidsen, Sarunas Simanavicius, Ingrid Nerhoel, Lidvar Grimstad, Olav Egge Brandal. Svenning Veiseth, Vegard Hjørungdal, Eivind Bjåstad, Turid Engen, Odd Erling Eriksen.

Med Møre bispedøme som arbeidsgjevar:

Sokneprest Leidulv Ø. Grimstad. Sokneprest i Ulstein Margit Lovise Holte og Kapellan i Ulstein Jørgen Skogestad Kleiven

Frivillige i gudstenesta:

Medhjelparar : Marit Øien Sæverud, Cathrin Duweh, Turid Engen.

Forbønsgruppe: Ole Markus Pilskog, Cathrine og Alfred Duweh, Irene Follestad Riise, Kyrkjevertar: Reidun Melhus, Toril Sæter, Hege Tretnes, Nina Brandal, Wenche Roppen, Gunnmar Grimstad, Lars Sellereite, Lidvar Grimstad, Alice Strømmegjerde, Aud Holstad.

Ansvar for lyd- og bilde: Arne Kåre Toppol, Christoffer Bakkely, Hans Otto Brekke, Jostein Nedrelid, Kjell Arve Østrem

Blomar til gudstenestene: Anne Sofie Brandal, Judith Pilskog, Rigmor Skeide Liavåg

Ein stor takk går også til forsongarar, solistar og blåsarar som har vore med og gitt gudstenestene våre eit musikalsk løft i 2018.

Andre frivillige:

Andakter på Hadartun: Irene Follestad Rise, Kjell Einar Ljones, Sigurd Grimstad, Olav Fure, Lidvar Grimstad, Toril Sæther, Leiv Arne Grimstad og Inge Grimstad.

I tillegg er det mange andre som også gjer ein god og viktig innsats i og for kyrkjelyder vår. Soknerådet ynskjer å rette ei stor takk til alle!

Gunmar Grimstad
-soknerådsleiar-

SOKNERÅDET SINE UNDERUTVAL 2016-19

Arbeidsutval: Leiar Gunmar Grimstad, Kjersti Røyset Topphol, Lars Sellereite, Sokneprest, kyrkjeverja sekretær.

Administrasjonsutvalet: Leiar Gunmar Grimstad, Kjersti Røyset Topphol, 2 rep.frå dei tilsette er Bjarte Sunde og Heidi Kvalsvik, kyrkjeverja sekretær.

Forhandlingsutval: Leiar Gunmar Grimstad, nestleiar Kjersti Topphol, kyrkjeverja sekretær.

Diakoniutval m/ Kontakt i Kirkens SOS: Greta Sandanger Goksøyr, Reidun Melhus, Ole Markus Pilskog, Bjørg Vartdal Hareide, soknepresten og leiar i frivilligsentralen.

Kyrkje og kyrkjegardsutval: kyrkjetenar, Torgeir Ringstad, Jostein Nedrelid, Andre Gjerde, Lars Sellereite (leiar), kyrkjeverja

Gudstenesteutval: Synnøve Overå Hide, Arne Kåre Topphol, Turid Engen (leiar) soknepresten, kyrkjelydspedagogen, kantoren,

Misjonsutval: Odd Lykstad, Petra Bakkely, Jahn Kjell Fjørtoft, Kjersti Røyset Topphol (leiar), Eli Sølvi Jønsson.

Kyrkjemusikalsk utval: Leiv Arne Grimstad, Christoffer Bakkely, Lidvar Grimstad, Wenche Roppen(leiar), kantoren

Undervisningsutval: Kristian Fuglseth, Elisabeth Grimstad Kirkebø, Vibeke Holstad, Hege Tretnes (leiar), kyrkjelydspedagogen

Styret i Frivilligsentralen: Bjørg Vartdal Hareide, vara: Andre Gjerde, Grete Røyset Bakken, vara: Ragnhild Strømgjerde, daglig leiar frivilligsentralen er sekretær

Statistikk til årsmeldinga 2018					
Type	2014	2015	2016	2017	2018
Totalt antal medlemar i DNK Hareid pr.31.12.18	3949				
Innmeldingar	1	2	2	7	1
Utmeldingar	18	15	14	8	9
Døypte heimhøyrande i soknet	51	34	37	43	37
Gudstenestebesøk totalt i snitt	152	155	139	157	157
Antal gudstenester totalt	55	57	60	63	59
Nattverdsdeltakande	2801	2882	2505	2386	2135
Gudstenester med nattverd	40	37	40	36	38
Gudstenester i påska (4) besøkande i snitt	132	111	93	91	83
Kyrkjeoffer	246419	301161	284445	258852	263044
Gudstenestedeltakarar	8360	8835	8340	9891	9314

GUDSTENESTELIVET

Gudstenesta er vårt kristne fellesskap, der vi samlar oss kring trua på Gud og Jesu Kristi oppstode - på tvers av alder, kunnskap og posisjon. Her kan vi alle kome som den vi er, og ta i mot av det. Gud vil gi oss. Lokalsamfunnet vårt er mangfaldig, noko som er ei velsigning for kyrkja og heile Hareid. Dette mangfaldet kan vi også sjå gjennom gudstenestene våre, som har ulike former og uttrykk. Nokre er spesielt retta mot born, og nokre er retta mot ungdom eller vaksne.

Vi ser og høyrer ulikt, vi tek del på ulikt vis, men gudstenesta har noko til alle. Eit ord, ein salme, eller ei bøn. Og ikkje minst er det viktig å sjå og kjenne på at vi er ein del av eit fellesskap.

Gudstenesteutvalet handsamar spørsmål knytt til gudstenester, gudstenesteplan, liturgi m.m. og har dei siste åra hatt særleg ansvar for soknet sitt arbeid med innføring av ny lokal gudstenesteordning, liturgisk musikk, ny dåps- og vigselsliturgi. Gudstenesteutvalet har hatt 3 møter i 2018.

Gjennom året har det vore totalt 59 gudstenester. Av desse har 10 hovudgudstenester vore særleg tilrettelagt for barn, 2 gudstenester for ungdom, og 4 temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon, gudstenester på søn- og heilagdaggar og kvardagsgudstenester, gudstenester med dåp og nattverd, konfirmantar, barnehage og skular.

Saker som har vore oppe til handsaming:
Ny høyring vedrørende hovudgudstenesta
Godkjenning av gudstenestelista for 2019
Program for fastetida
Fastsetting av liturgisk musikk i hovudgudstenesta.

Program for fastetida 2018 såg slik ut:

14.02.18: Oskeonsdagsgudsteneste m/ Kjell Roger Isene, Ida Teige og Hareid blandakor

21.02.18: Tidebønkveld med nonnene i Nordal

28.02.18: Konsert med Vencke Leite og Geir Helge Ådneram

07.03.18: Salmekveld med bl.a Cervix Vokalis frå Herøy

14.03.18: Solidaritetsgudstenete med konfirmantar, Leidulv Ø Grimstad, Erhard Hermansen frå Kirkens Nødhjelp og Hareid Ten-Sing.

21.03.18: Påskevandring for ungdom/vaksne

Vi vil gjerne oppfordre foreiningar og lag om å legge møta sine i fastetida i kyrkja for å støtte opp om kyrkjelyden og det som skjer der.

Gudstenesteutvalet

Turid Engen
-leiar-

Frå gudstenesta på Alskleiva i august. Vi er så heldige å ha Musikklaget Melshorn med oss kvart år som spelar til salmane både på Alskleiva og Kvitneset. Stor takk til dei!



DIAKONIARBEIDET

Diakoni er kyrkja si omsorgsteneste og evangeliet i handling. Det dreier seg om nestekjærleik, inkluderande fellesskap, vern om skaparverket og kamp for rettferd.

Kva vil vi at diakoni skal vere i Hareid kyrkjelyd? Diakoniutvalet i Hareid har ansvar for å skipe til minnegudsteneste laurdagen før Helgemessesøndag. Denne gudstenesta er open for alle, men pårørande til dei som har gått bort siste året, vert særskilt inviterte. I tillegg er der ofte medlemmer frå diakoniutvalet til stades på gudstenester der det er minning. Dei vil også vere aktive i handteringa av ulike krisesituasjonar i kommunen.

Soknepresten som er med i diakoniutvalet, er i kommunen sin krisestab.

Plan for diakoni i Hareid kyrkjelyd vart vedteken i soknerådet i februar 2016.

Planen er delt i fire hovudpunkt; Nestekjærleik, Inkluderande fellesskap, Vern om skaparverket og Kamp for rettferd.

Dette året har Leidulv Grimstad kalla inn til møte. I tillegg har vi gjort avtalar digitalt.

Diakoniutvalet er ansvarlege/delansvarlege for desse punkta:

Kirkens SOS under hovudpunkt Nestekjærleik.

Minnegudstenesta under hovudpunkt Inkluderande fellesskap.

Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta under hovudpunkt Inkluderande fellesskap.

Universelt utforma gudsteneste under hovudpunkt Inkluderande fellesskap.

Kirkens SOS

Kirkens SOS kom inn i Diakoniplanen denne soknerådsperioden. I årevis har menneske frå kyrkjelyden vår vore telefonvakter, og dei seinare åra også chattevakter. Det trengst stadig nye. Før nokon kan begynne som frivillig på Kirkens SOS, må eit 40-timarskurs gjennomførast. 20. februar 2019 startar nytt kurs lokalisert til Sunnmøre folkehøgskule.

Chattefilial Kirkens SOS

Gruppa med Kirkens SOS-frivillige frå Ytre søre og diakoniutvalet har arbeidd for å få ein chattefilial på Ytre Søre. Tanken er at å sleppe fjordkryssing, vil rekruttere fleire og gjere det lettare å halde fram i denne diakonale tenesta. 18.oktober 2018 opna Kirkens SOS chattefilial på Myrvåg. Dei som deltek der, opplever kortare veg til vaktrommet som svært positivt.

Minnegudstenesta

Som vanleg var diakoniutvalet medarrangør av den årlege minnegudstenesta i kyrkja laurdagen før Helgemesse-søndag. Her vert dei som har misst nokon av sine nære i løpet av det siste året, spesielt inviterte. Intensjonen er at dei som kjem skal få ei fredeleg stund i kyrkjerommet. Det var godt oppmøte, og mange tende lys framme i etterkant av gudstenesta.

Universelt utforma gudsteneste

Vi har arbeidd med å få til dette, og kom eit steg nærare i 2018. Leidulv Grimstad var innom Hjellebakken med informasjon om og invitasjon til «Fjøresteinane» sin julekonsert i Hareid kyrkje. Han vart då invitert med på Hjellebakken si julemarkering. På Fjøresteinane sin julekonsert kom mange av dei som bur på Hjellebakken.

Dette må vi fylgje opp i 2019.

Måltid etter skjærtorsdagsgudstenesta

Etter gudstenesta skjærtorsdag kveld er det tradisjon at vi ommøblerer kyrkjerommet, dekker langbord med bollar og kaffi og har ei sosial samling. Måltidet blir avslutta med avduking av alteret, og i 2018 song Anne Liv Holstad «Fem raude roser», tekst Andreas Bjåstad og melodi Anita Winsjansen



Utanom diakoniplanen

Internasjonal middag fyrste søndag i Hareidsstemna. I samarbeid med Tamilsk Kulturforening arrangerte vi Internasjonal middag / Thanksgiving. I 2017 var det mat frå mange land, i 2018 var det tamilske rettar med norske kaker til dessert. Ansvarsdelinga fungerte godt, og både Tamilsk Kulturforening og diakoniutvalet var fornøgd med det økonomiske. Tamilsk dans og anna underhaldning var med og gjorde dette til ei god stund.

Meir om diakoniarbeidet er å lese i Frivilligsentralen si årsmelding.

for diakoniutvalet
Leidulv Ø Grimstad



KYRKJA OG KYRKJEGARDEN

Kyrkja vår er eit klenodie og eit praktbygg som vi er stolte av og som ein har både minner og sterke følelsar til. I kyrkja opplever vi både glede og sorg, høgtid og kvardag. Gjennom aktiviteter i trusopplæringa, kultur, omsorg og gudstenester har kyrkja ei brei kontaktflate der alle er velkomne.

I kyrkja møtest vi på tvers av generasjonar, sosial status og interesse, forankra i eit inviterande fellesskap og mangfald. Alle har ein plass i fellesskapet, kvar med si tru og sin tanke.

Hareid kyrkje er ei kyrkje der alle er velkomne, og som bidreg til å gjere lokalsamfunnet til ein god stad å leve for menneskjer i alle livsfaser. Det er viktig å ta vare på kyrkja og gjere nødvendige vedlikehald og tilpasningar til dagens aktiviteter i kyrkja.

Renovering av kyrkja

I mange år har det vore planar om å renovere kyrkja, både golv, oppvarmingssystem og eit universelt utforma toalett. Hareid kommune tildelte planleggingsmidlar i 2018 slik at vi kunne starte planleggingsarbeidet. Dermed har kyrkje- og kyrkjegardsutvalet gjennom heile året vore i aktiv dialog med riksantikvar, Møre bispeømeråd og arkeolog frå Møre & Romsdal fylkeskommune, om korleis ein best kan løyse planane i høve renoveringa.

Prosjekteringsarbeid er blitt gjennomført av fagfolk, det er innhenta fagleg anbefaling av tiltak i høve oppvarmingssystem og forbetringar for energieffektiv og miljøriktig drift i kyrkja, samt skisseteikningar av tilbygg inngangsparti for mellom anna eit universelt toalett, kjøkenkrok, bøttekott og lagringsplass.

Planar er utarbeida i høve teknisk rom i driftsbygninga. Det blei også søkt om tilskot frå Energifondet, der vi har mottatt tilsagn om tilskot til ny vannbåren oppvarming basert på luft-vann varmepumpe og varmestyring i kyrkja vår. Dette blir ei moderne og miljøvennleg løysing som også vi bidra til å ivareta inventar i kyrkja, som orgel, albertavle osv.

Alle endringar i høve golv og varmesystem er blitt godkjent av både riksantikvar og Møre bispedømme, og sjølve renoveringsarbeidet vil bli gjennomført sommaren 2019, då kommunestyremøtet i desember 2018 vedtok å løyve kr. 3 millionar til renoveringsarbeidet i 2019.

Vi ventar no på avklaring om vi får bygge på inngangspartiet til kyrkja, eller om vi må ominnreie eksisterande, slik at vi får eit universell utforma toalett, kjøkenkrok, bøttekott og lagringsplass i inngangspartiet.

Samspel skaper resultat og dette er resultatet av eit aktivt og godt samarbeid med både Hareid kommune og dei andre aktørane gjennom heile 2018. Vi vil vonleg sjå det endelege resultatet snart

Anna vedlikehaldsarbeid

Golvet i prestesakrestiet er skifta ut, då det var i så dårleg fatning at det var fare for fallulykker. Materialkostnader blei dekt av ein gavmild gjevar og arbeidet blei utført internt. Det er og skifta litt utvendig bordkledning ved inngangen til dåpssakrestiet, då det var råte.

KYRKJEGARDEN

Gravplassane er ein sentral del av vår kulturarv. Dei inngår ofte som del av kulturlandskapet.

Det er no ei stund sidan vi tok i bruk det nye gravfeltet. Det ligg fint til med lys og vegar. Her er eigen plass for urnenedsettingar, og eigen muslimsk gravplass som er den einaste i regionen. Hareid kommune hadde ansvaret for det nye gravfeltet, men soknet overtok ansvaret i juni 2018. Dette gjer og at vi får mykje større areal å halde i stand.

Vår-dugnad og stubbefres

Den årlege dugnaden vart avhalden i april. Det var ikkje så mange som deltok, men dei var dyktige dei som møtte. Vi ynskjer og treng fleire hjelparar til på dei framtidige dugnader.

Vi fekk eit firma til å frese bort 17 trestubbar, slik at kyrkjegarden no står fram som fin, velstelt og verdig.

Avfallssortering

Til dei som går og steller og pyntar på kyrkjegarden, har vi ei bøn om at alle gjer sitt beste med å sortere avfallet. Kaste avfall i riktige søppeldunkar, slik at vi slepp å sortere avfallet - noko som steler tid som heller kan nyttast til å ordne det fint på kyrkjegarden.

Nytilsett

Då noverande kyrkjegardsarbeidar/kyrkjetenar ynskjer å redusere si stilling, er Jon Arnstein Haugen tilsett i 100% stilling. Han tek til i stillinga 1. april 2019.

Kyrkje- og kyrkjegardsutvalet

Lars Sellereite
-leiar-



MISJON & MISJONSPROSJEKTET

«Misjon er ein del av kyrkjelyden sin identitet og eit uttrykk for at Gud har gjort oss til sine sendebod».

Sitatet er henta frå kyrkjelyden sitt visjonsdokument for 2016 – 2019. Misjonsutvalet vil gjennom sitt arbeid hjelpe kyrkjelyden til å nå dette målet.

Hareid kyrkjelyd har hatt avtale med Det Norske Misjonsselskap (NMS) om kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. I år gjekk denne avtalen ut, og misjonsutvalet og soknerådet var einige om at vi ville forlengje denne avtalen. Misjonsutvalet arbeider med å gje informasjon til kyrkjelyden om misjon generelt og om misjonsprosjektet spesielt, og med å samle inn pengar til misjonsprosjektet.

Misjonsdag på Holesanden

I juni var vi med på å arrangere kyrkjelyden sin misjonsdag på Holesanden. I 2018 vart misjonsdagen sett til 17. juni. Inntekta gjekk til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt. Misjonsdagen starta med gudsteneste. Ranveig Kaldhol møtte frå NMS. Ho talte under gudstenesta og fortalde frå misjonsarbeidet etterpå. Etter gudstenesta var det også loddsal og trekning av loddbøker. På grunn av tørken vart det innført grillforbod i juni, og vi var lenge redde at vi ikkje kunne grille denne søndagen. Litt regn tidlegare i veka gjorde at forbodet vart oppheva, og grillinga gjekk som planlagt. Inne var det kaker og kaffi å få kjøpt. Overskot kr 17.089,- og i tillegg offer på kr. 7640,- vart overført til NMS.

Middag og misjon i samband med Barnas misjonsdag

Søndag 18. november var det klart for Middag og Misjon etter barnas misjonsdag i kyrkja. Misjonsutvalet hadde ansvar for maten. Samlinga var i storsalen i bedehuset. Det var mykje folk, særleg mange barnefamiliar. Det var sal av heimelaga brennsnut. I tillegg hadde vi kaker som var igjen frå misjonsbasaren kvelden før, i tillegg til nokre nye. Det vart selt årar til inntekt for misjonsprosjektet. 10-åringane i trusopplæringa hadde laga mange av gevinstane til åresalet, og nokre av foreldra deira hjalp til med oppryddinga. På grunn av sjukdomsforfall kom det ingen frå NMS denne dagen. Hareid Mini- og barnekantori tok del både i kyrkja og på bedehuset. Overskotet til misjonsprosjektet vart på kr 20355,-.

Stor takk til alle som deltok på ulike måtar både på misjonsstemnet og Middag og Misjon.

Tilsaman vart det sendt kr. 57.660,- til kyrkjelyden sitt misjonsprosjekt i Thailand. Då er også kyrkjeofringar på kr. 20.216,- medrekna. Faste givarar til misjonsprosjektet er ikkje medrekna i denne summen.

Misjonsutvalet hadde 3 møter i 2018.

Misjonsutvalet

Kjersti Røyset Topphol
-leiar-

KYRKJEMUSIKALSK ARBEID

Kultur med kunst og musikk har til alle tider gitt form til kyrkja sitt budskap og gjerne formidla det som ord ikkje har makta å forklare eller uttrykke. Kyrkjemusikalsk utval arbeider mellom anna med korarbeid i kyrkjelyden, samt planlegging og praktiske oppgåver i høve konsertar. Dette viktige kulturarbeidet i Hareid, tilfører stunder i kyrkja som inneheld musikalitet av god kvalitet og eit breitt mangfald. I tillegg er det også utleige av kyrkja til konsertar, som godkjennast av soknet. Ved konsertar og kyrkjemusikalske aktivitetar har utvalet teke del i planlegging og ordna praktiske arbeidsoppgåver.

Musikk har ein sentral plass i kyrkja vår, og vi er velsigna med talentfulle innbyggjarar som gudstenesteutvalet med glede nyttar i sitt arbeid. Dette året har vi og fått fleire aktørar frå fjern og nær som viser det rike kulturlivet i regionen. Ei stor takk til kvar einiskild!

Utvalet har hatt 6 styremøter i 2018.

Salmekvelder

Salmekveld 21. jan: Solistkveld

Salmekveld 07.mars: Cervix Vocales

Salmekveld 19.september: Helge Gudmundsen og Hareid kammerkor

Salmekveld 21. november: Lovsongskveld med Iver Olaf Grimstad

Mat og kaffi er ein viktig del som avslutning på kveldane.

Salmekveldane femnar om mykje folk og mange av desse kjem til stadigheit med tilbakemelding at dei sett pris på salmekveldane og variasjonen i arrangementa. Vi held fram med desse kveldane.

Syng- og spelar jula inn

Søndag 16. desember vart kor og korps i kommunen inndelt til å delta på to gudstenester, kl 16 og kl 18. Leiv Arne Grimstad heldt andakt på begge. Der var som åra før mykje folk! Kora og korpsa stiller med brannvakter og kyrkjemusikalsk utval ser til at alt er på plass før gudstenestene startar. I år var det mange aktørar som ikkje hadde høve å delta.

Kor, korps og solistar i gudstenester

Vi er svært takksame for alle dei som bidreg og rikjer gudstenestene våre med song og musikk gjennom heile året. Forsongargruppa har også vore svært aktiv dette året. Ida set opp halvårsplanar for kva tid den enkelte skal ta del. Det gjer det enklare å gjennomføre med nye og ukjende salmar.

Andre konsertar i kyrkja 2018

28. februar: Konsert med Venche Leite

28. april: Konsert med Hareid barnekantori

6. mai: Konsert med Grimstadkoret og Vox Virorum

9. juni: Konsert, Songarsstemne

14. juni: Middelalderarrangement, Sirene, Bigset blandakor m.fl.

21. oktober: Konsert med Volda Vokal (Hareidsstemna)

31. oktober: Elvismesse

4. november: Stille konsert, Hjørungavåg brass

30. november: Konsert, Julenatt i stallen

8. desember: Julekonsert, CorSonus (2 konsertar, 18.00/21.00)

12. desember: Kulturskulekonsert

19. desember: Konsert med Fjørresteineane

21. desember: Min favoritt

Wenche Iren Roppen, leiar

UNDERVISNING OG TRUSOPPLÆRING

Undervisningsutvalet i soknet arbeider med tilrettelegging av undervisning for born og vaksne i soknet. Hovudsakleg er arbeidet konsentrert om trusopplæringstilbodet som vi har ein ferdig utbygd plan for, med tilbod til alle døypte mellom 0-18 år. Dette arbeidet har i mange år hatt oppslutning blant dei høgaste i landet. Vi ser svingingar år om anna, og det gledelege for dette året er at det gav vekst i dei tiltaka som har vore låge, og som vi gjorde særskilte endringar i.

24 ulike tiltak

I året som gjekk gjennomførte vi 24 ulike tiltak med ulikt preg i løpet av skuleåret. Det er viktig for arbeidet å følgje både skuleruta og kyrkjeåret. Vi har ikkje noko tiltak i løpet av skuleferier eller innklemde fridagar, vi brukar tida rett etter skuletid og ser at det fungerer veldig godt. Då hentar vi borna på skulen og tek dei med til kyrkje eller bedehus. Dette gjeld og samlingar i krins, som igjen betyr at tilsette gjer same jobben 3-4 gongar i løpet av ei veke for å nå flest mulig born.

Av dei 24 gjennomførte tiltaka, hadde 12 av dei 60% eller meir oppmøte. 1 av tiltaka hadde lågare enn 20% oppmøte. 11 av tiltaka hadde mellom 30-60% oppmøte.

Felles samling for heile kull i heile kommunen

Nokre av tiltaka er for heile kullet samla, i heile kommunen, då enten på ein leirplass eller i kyrkja. På denne måten tenkjer vi at vi har stor breidde i tilboda og eit godt tilbod for å nå flest mogleg born og unge. Mange av tiltaka for dei minste borna involvera også vaksne, enten som aktive fadrar eller foreldre som er tilstades. Slik når vi også fleire generasjonar på ein gong og kan dele fellesskap med kvarandre. Undervisninga er for mange tiltak lagt opp med innhald tilpassa kyrkjeåret. For eksempel alle som har tilbod i løpet av fastetida, har faste som sentralt tema.

Aktivitetar etter gudstenesta

Undervisningsutvalet arbeidde fram eit nytt tilbod i løpet av 2017 og fortsette med det i 2018. Etter to gudstenester arrangerte utvalet sporløp og tilbod om grilling. Det eine var etter gudstenesta på Kvitneset Kr.himmelfartsdag, men hadde ikkje så veldig stor oppslutnad. Her samarbeidde vi med KFUK/M speidarane i sentrum. Det andre var etter innskriving av nye konfirmantar i juni, der vi brukte parken i sentrum og samarbeidde med Speidarane på Bigset. Vi hadde 5 generasjonslag som deltok i sporløpet. Kaker og kaffi i parken.

Kyrkjeakademi for vaksne

Undervisningsutvalet arbeidde fram søknad og vart opptekne som medlemar i Norsk kyrkjeakademi i mars. Dette er eit økumenisk forum for tro, kultur og samfunn, og medlemmer kan kome frå ulike kyrkjesamfunn. Arrangement med ulike tema og fokus på dialog, kunnskap, samspel, fordjuing, innsikt og forståing. Vi gjennomførte 4 samlingar med god oppslutning i løpet av året.

Organisasjonen Norske kyrkjeakademi, tilbyr sine medlemar økonomisk støtte og hjelp til tema for samlingane. Hareid kyrkjeakademi skal ha eige styre, og foreløpig er dette undervisningsutvalet + 1 anna medlem.

Undervisningsutvalet
Hege Tretnes
-leiar-

OPPMØTE I TRUSOPPLÆRINGA

2017

2018

	%	personar
Dåpssamtale	89 %	47
babysong	23	47
1 års dåp	30	30
2 års dåp	24	45
3 års sauejakt	45	49
3 års utsending	96	49
4 årsbok	70 %	40
5 års palmehelg	50	40
6 årsbok	67	55
7 års leir	64	47
8 års haust	45	51
8 års tårnagent	49	51
9 års leir	52 %	63
10 års bibel	78	40
10 års haust	75	40
11 års haust	40	50
11 års Kode B	42	50
12 års juniorkonfirm	61	41
13 års leir	42	50
14 års konfirmant	94	36
15 års hausten etter	58	36
16 års	40	47
17 års	40	52
18 års	63 %	57

	%	personar
Dåpssamtale	100 %	31
babysong	55 %	31
1 års dåp	40 %	52
2 års dåp	33 %	33
3 års sauejakt	30 %	44
3 års utsending	70 %	44
4 årsbok	63 %	49
5 års palmehelg	30 %	40
6 årsbok	64 %	39
7 års leir	63 %	57
8 års haust	62 %	45
8 års tårnagent	76 %	45
9 års leir	31 %	51
10 års bibel	70 %	63
10 års haust	48 %	63
11 års haust	52 %	40
11 års Kode B	65 %	40
12 års juniorkonfirmant	61 %	49
13 års leir	34 %	41
14 års konfirmant	97 %	58
15 års hausten etter konf	55 %	58
16 års	14 %	37
17 års	31 %	45
18 års	61 %	54



2-åringar på dåpsmarkering får seg bilde med kveldsbøn på

FRIVILLIGSENTRALEN

Mål / intensjon med Frivilligsentralen

Frivilligsentralen til Hareid sokn skal bidra til å skape møteplassar og vere ein samhandlingsarena for frivilligheit i lokalmiljøet. Vi skal samordne den frivillige innsatsen som både privatpersonar og frivillige organisasjonar i Hareid utfører, og dermed styrke og fremje det frivillige arbeidet. I tillegg skal sentralen vere eit kontaktsenter for alle som ynskjer å ta del i frivillig verksemd, uansett alder, kjønn, økonomisk status eller etnisk bakgrunn.

Sentralen arbeider for å være open og inkluderande. Nokre aktivitetar fell bort, ved manglande interesse, og nye kjem til. Det er viktig å legge til rette for at dei personane som tar eige initiativ til ein frivillig aktivitet, skal få drive med det. For sentralen er det viktig å kunne samarbeide med ulike lag/organisasjonar, skule, institusjonar etc. Dette for å kunne bidra til best mulig aktivitet og legge til rette for ulike møteplassar. Slik kan vi vere med på førebygge einsemd og sjukdom.

Oppgåver:

- o Organisere og legge til rette for frivillig arbeid.
- o Sette opp/ følge opp turnus for dei frivillige som arbeider til faste tider.
- o Drift av Bruktbutikken.
- o Hobbyklubb på sentralen to gongar i veka.
- o Medarbeidarmøte for Brukt og Billig-butikken.
- o Organisere Natteramnane Hareid. Rapportere til TRYG Forsikring.
- o Oppdragsgjevar for Friomsorgen i Ålesund.
- o Oppdragsgjevar for NAV.
- o Oppdragsgjevar for Furene A/S.
- o Arrangement og arbeid ifht «Den kulturelle spaserstokk». Kommunen søker på midlane og vi brukar/arrangerer konsertar etc.
- o Fast medlem av diakoniutvalet i Hareid sokn. Ta del/ lage til på minnegudstenesta, skjærtorsdagsmåltidet og elles dei arrangementa som diakoniutvalet står for.
- o Tett samarbeid med Hareid kommune, biblioteket, Ressurscenteret, asylmottaket og dagsenteret på Hadartun.
- o Administrator for Facebook-sidene: Hareid Frivilligsentral og Brukt og Billig-butikken
- o Medlem i nettverk for Søre Sunnmøre Frivilligsentralar. 4 møte i 2018.
- o Arrangere frivilligmøte annakvart år.
- o Ta del på aktuelle kurs.
- o Ta del på landsmøte i Norges Frivilligsentraler: i april 2018 på Gardemoen.
- o Samarbeid med kommunen, sjukeheimen (kulturkontaktar), dagsenter for heimebuande eldre.
- o Samarbeid med ulike lag og organisasjonar, som sanitet, pensjonistlag, AA-foreining, Hareid Idrettslag, Lions, eldreråd, Seniordans, Solringen/svaksyntgruppa, revmatikarlag, Søre Sunnmøre tamilske kulturforeining, med fleire.

Brukt & Billig

Bruktbutikken gir eit fint overskot kvart år. Desse pengane kjem innbyggerane i Hareid til nytte på ulikt vis. I 2018 delte bruktbuikken av sitt overskot til følgande: VI-koret (barnekor drevet av frivillige), utemøbler til dagsenteret på Hadartun, Hafest sitt blomsterprosjekt i sentrum, Hjartestartar til kyrkja, Hareid Triatlon, zipline til Hjørungavåg Vel, støtte til Elvis-messe i kyrkja.

Tilskot og retningslinjer

Tilskotet til Frivilligsentralane går inn i det ordinære rammetilskotet til kommunane og blir gitt ut derifrå, uavkorta, til den som driv sentralen (her Hareid sokn).

Nye vedtekter/retningslinjer både for sentralen generelt og for korleis eit eventuelt overskot på bruktbuikken skal fordelast, er no på plass.

Aktivitetar

Aktivitetane er bygde opp etter fleire års erfaring. Her kan nemnast: Hobbyklubb to gongar i veka, besøksteneste på Hadartun, varesal på Hadartun, Brukt & Billig-butikken, bibliotekdagar, åremålsbesøk, natteramn, høyrshjelp, dialog med FAU v/ungdomsskulen, seniornett, datakurs, innsamling av leike, klede etc. til asylsøkjjarar og flyktningar, årleg utdeling av frivilligpris, konsertar/førestillingar på Hadartun omsorgssenter, laurdagskafé med Ulstein og Hareid Lions, lekseamling på biblioteket, arbeidsutprøving, Leve-samling (samtalegruppe), radiobingo og gratis utleige av møtelokale til lag og organisasjonar.

Antal frivillige som på fast basis gjorde ein innsats i 2018 ligg på 86 personer, der nokre tek del på fleire aktivitetar. I tillegg til faste aktivitetar er Frivilligsentralen eit «ope» kontor. I løpet av året er det svært mange samtalar, spørsmål og praktisk hjelp som vert gitt, utan at det er mulig å talfeste eller telje dette.

Alle frivillige gjer eit arbeid for fellesskapen som det står stor respekt av, og vi er svært takksame for innsatsen som dei frivillige bidreg med for å skape eit godt lokalsamfunn. Vi er òg takksame for eit fellesskap prega av likeverd, deltaking og respekt for mangfald!

Frivilligsentralen

Heidi Pedersen Kvalsvik
-leiar-

Styret for 2018 har vore samansett slik:

Frå soknet

Bjørge Vartdal Hareide. Vara: André Gjerde.

Grete Røyset Bakken. Vara: Ragnhild Strømmegjerde.

Bjarne Sukka. Vara: Odd Melhus.

Frå Brukt og Billig-butikken

Elsa Bigset. Vara: Ingebjørg Klungsøyr.

Frå frivillige lag og organisasjonar, i år representerte av Ulstein og Hareid Lions

Arve Jensen. Vara: Birger Vatnehol.

Bjørge Vartdal Hareide har vore styreleiar.

Dagleg leiar har vore sekretær for styret.

Det har vore 4 styremøte, og det har blitt behandla 13 saker.



REKNESKAPSSKJEMA 1A – DRIFTSREKNESKAPEN

Vedlegg 1

Regnskapsskjema 1A - Driftsregnskapet

Tall i 1 kroner	Regnskap 2018	Regulert budsjett 2018	Opprinnelig budsjett 2018	Regnskap 2017
FRIE DISPONIBLE INNTEKTER				
Tilskudd og gaver frå andre	-16 700	-41 000	-41 000	-9 872
Ordinært rammetilskudd	-3 980 927	-3 980 000	-3 980 000	-3 922 850
Kalkulatoriske inntekter ved kommunal tenesteyting	-212 000	-212 000	-212 000	-212 000
Tilskot og gáver frå andre	0	0	0	0
Offer innsamla til eiga virke	-308 427	-229 500	-229 500	-225 893
Andre generelle statstilskudd	-702 501	-606 000	-606 000	-615 732
Sum frie disponible inntekter	-5 220 555	-5 068 500	-5 068 500	-4 986 347
FINANSINNEKTER/-UTGIFTER				
Renteinntekter og utbytte	-2 679	-4 000	-4 000	-2 697
Gevinst finansielle instrument (omløpsmidler)	0	0	0	0
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	3 632	17 000	17 000	5 347
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	0	0	0	0
Avdrag på lån	56 500	67 000	67 000	67 000
Netto finansinntekter/-utgifter	57 453	80 000	80 000	69 650
AVSETNINGER OG BRUK AV AVSETNINGER				
Til dekning av tidligere års regnskapsmessige merforbruk	0	0	0	0
Til ubundne avsetninger	207 671	0	0	181
Til bundne avsetninger	367 782	367 782	0	0
Bruk av tidligere års regnskapsmessige mindreforbruk	-367 782	-367 782	0	0
Bruk av ubundne avsetninger	0	0	0	-104 200
Bruk av bundne avsetninger	-61 957	-136 500	-136 500	-213 458
Netto avsetninger	145 714	-136 500	-136 500	-317 477
FORDELING				
Overført til investeringsregnskapet	0	0	0	17 397
Til fordeling drift	-5 017 388	-5 125 000	-5 125 000	-5 216 778
Sum fordelt til drift (fra skjema 1B)	5 212 051	5 125 000	5 125 000	5 076 694
Regnskapsmessig merforbruk/mindreforbruk	194 663	0	0	-140 084



Kontakt og kommunikasjon

Hareid sokn sitt arbeid er ein viktig del av tilbodet for innbyggjarane Hareid kommune. Det er viktig å gjere kyrkja synleg på ein god og verdig måte, samt nå ut i ulike kanalar med informasjon om våre arrangement og vårt samfunnsviktige arbeid.

Lokalavisa: I oddetalsveker har Hareid sokn ansvaret for å levere materiale til «Kyrkjesida» i lokalavisa Vikebladet. Vi sender også redaksjonelt stoff til lokalavisa, samt annonser ved behov.

Heimeside & sosiale media: hareid.kyrkja.no (utan www). Her kan du lese om våre aktiviteter, melde inn dåp, finne generell informasjon og lese nyhende. Å følgje med i tida og vere synleg på sosiale media er viktig for å formidle dei ulike ting som skjer. Samstundes lagast det informasjonshefter og invitasjonar som sendast ut i brevform. Hareid sokn har også eiga Facebookside (Hareid kyrkje), det same har Frivilligsentralen vår (Hareid Frivilligsentral). I 2018 oppretta vi Hareid kyrkje på Instragram, for å nå endå fleire.

Meir himmel på jorda

Nettstad: hareid.kyrkja.no

Facebook: www.facebook.com/hareid.kyrkje.no/



DEN NORSKE KYRKJA
Hareid Sokn